



NORGES BANK  
INVESTMENT MANAGEMENT

**3.KV. | 14**

**STATENS  
PENSJONSFOND  
UTLAND**

**KVARTALSRAPPORT**

# HOVUDPUNKT I 3. KVARTAL 2014


STATENS PENSJONSFOND UTLAND FEKK EI AVKASTNING PÅ 0,1 PROSENT, ELLER 15 MILLIARDAR KRONER, I TREDJE KVARTAL 2014.

0,1 %


**15 MRD. KR**



**AKSJE-  
INVESTERINGANE**



**RENTE-  
INVESTERINGANE**




**EIGEDOMS-  
INVESTERINGANE**

AVKASTNINGA PÅ AKSJEINVESTERINGANE FONDET HAR, VAR -0,5 PROSENT, MEDAN RENTEINVESTERINGANE FEKK EI AVKASTNING PÅ 0,9 PROSENT.

INVESTERINGAR I FAST EIGEDOM FEKK EI AVKASTNING PÅ 1,5 PROSENT.

SAMLA VAR RESULTATET 0,5 PROSENTPOENG LÅGARE ENN AVKASTNINGA PÅ REFERANSEINDEKSANE FOR AKSJAR OG RENTER FOR FONDET.

VED UTGANGEN AV KVARTALET VAR MARKNADSVERDIEN AV FONDET 5,534 MILLIARDAR KRONER. FONDET VAR INVESTERT MED 61,4 PROSENT I AKSJAR, 37,3 PROSENT I RENTEPAPIR OG 1,3 PROSENT I EIGEDOM.



# INNHALD

<b>FORVALTINGA</b>	Aksjeinvesteringane	4
	Renteinvesteringane	6
	Eigedomsinvesteringane	8
	Relativ avkastning og interne referanseporteføljar for fondet	8
	Ansvarlege investeringar og eigarskapsutøving	10
	Risikostyring	10
<b>NØKKELTAL</b>		12
<b>REKNESKAP</b>	Rekneskapsrapportering	14
	Notar til rekneskapsrapportering	19
	Revisjonsmelding	32

Noregs Bank Investment Management forvaltar Statens pensjonsfond utland. Oppdraget vårt er å vareta og utvikle finansielle verdier for framtidige generasjonar.

[WWW.NBIM.NO](http://WWW.NBIM.NO)

# FORVALTINGA

## AKSJEINVESTERINGANE

Aksjeinvesteringane, som utgjorde 61,4 prosent av fondet ved utgangen av kvartalet, oppnådde ei avkastning på -0,5 prosent.

I tredje kvartal vart det klart at den rapporterte veksten i verdsøkonomien hadde teke seg opp. Månadlege nøkkeltal indikerte stabil vekst i kvartalet, men veksten i dei ulike regionane var varierende.

USA stod i aukande grad fram som den globale vekstmotoren. Økonomiske nøkkeltal for tredje kvartal overraske i hovudsak positivt samanlikna med forventningane.

Utviklinga i eurosona stod i kontrast til utviklinga i USA. Auka geopolitisk uro i nærområda medverka til redusert økonomisk aktivitet. Blant dei store eurolanda stod særleg økonomiske nøkkeltal hjå Tyskland og Italia fram som svake, medan veksten i Spania var relativt sterk.

I tredje kvartal var det framleis uvisse knytt til den underliggjande økonomiske veksten i Japan etter innføringa av høgare moms i fyrste halvår. I løpet av kvartalet vart det rapportert at veksten i Japan hadde vore negativ i andre kvartal.

I Kina bidrog veksttiltaka frå kinesiske styresmakter til aktivitetsvekst i fyrste halvår.

Økonomiske nøkkeltal som vart publiserte i tredje kvartal, indikerte likevel ei ny avkjøling i Kinas økonomiske vekst. Lågare aktivitet i bustadmarknaden stod fram som hovudårsaka til dei svakare tala.

### SVAK AVKASTNING FOR EUROPEISKE AKSJAR

Europeiske aksjar fekk ei avkastning i kvartalet på -4,3 prosent målt i valutakorga for fondet og var dermed regionen med svakast avkastning. Totalt var 43,6 prosent av aksjeinvesteringane fondet har, plassert i europeiske selskap.

Nordamerikanske aksjar hadde ei avkastning på 3,4 prosent i kvartalet og stod for 33,0 prosent av aksjeinvesteringane fondet har. Avkastninga for aksjar noterte i USA, var 3,8 prosent. USA var det største enkeltlandet fondet var investert i.

I Asia og Oseania var fondsavkastninga på 2,3 prosent i tredje kvartal. Avkastninga for japanske aksjar var 2,0 prosent. Japanske aksjar utgjorde 7,5 prosent av aksjeinvesteringane.

Avkastninga for kinesiske aksjar var 8,4 prosent i tredje kvartal. Kinesiske aksjar utgjorde 2,7 prosent av aksjeinvesteringane fondet har, og var den største marknaden innanfor framveksande marknader.

**Tabell 1** Avkastninga på aksjeinvesteringane frå fondet i tredje kvartal 2014. Fordelt etter sektor. Prosent

Sektor	Avkastning i internasjonal valuta	Del av aksjebeholdninga*
Finans	1,5	23,7
Industri	-2,5	13,5
Konsumvarar	-2,8	13,5
Konsumtenester	-1,5	9,7
Helse	6,4	9,4
Olje og gass	-6,3	8,3
Teknologi	5,6	7,9
Materialar	-4,6	6,0
Telekommunikasjon	-1,2	3,4
Kraft- og vassforsyning	-1,2	3,7

\* Partane summerer seg ikkje til 100 prosent fordi kontantar og derivat ikkje er inkluderte.

**Tabell 2** Dei største aksjebeholdningane fondet har per 30. september 2014. Millionar kroner

Selskap	Land	Behaldning
Nestlé SA	Sveits	41 068
Royal Dutch Shell Plc	Storbritannia	31 801
Novartis AG	Sveits	31 544
Apple Inc	USA	27 497
Roche Holding AG	Sveits	26 977
BlackRock Inc	USA	24 715
HSBC Holdings Plc	Storbritannia	22 996
Sanofi	Frankrike	20 979
BG Group Plc	Storbritannia	20 300
Total SA	Frankrike	19 458

## AVKASTNING MÅLT I VALUTAKORGA FOR FONDET

Fondet investerer i internasjonale verdipapir i utlandsk valuta. Fondsavkastninga blir primært målt i internasjonal valuta, det vil seie ei vekta samansetning av valutaene i fondets referanseindeksar for aksjar og obligasjonar. Denne samansetninga blir omtalt som valutakorga for fondet, og bestod av 34 valutaer ved utgangen av tredje kvartal 2014. Om ikkje anna er oppgjeve i teksten, er resultatmålinga gjort i valutakorga for fondet.

Framveksande marknader hadde ei avkastning på 2,1 prosent i kvartalet. Totalt var 9,8 prosent av aksjeinvesteringane fondet har, plassert i framveksande marknader.

### HØGAST AVKASTNING INNANFOR HELSE

Helseselskap hadde den sterkaste avkastninga i tredje kvartal med ei avkastning på 6,4 prosent. Positive nyhende knytte til kliniske studiar, reguleringar og patentrettssaker drog opp resultatet.

Teknologiselskap hadde ei avkastning på 5,6 prosent. Optimisme knytt til utviklinga innanfor sky-teknologi, handtering av store datamengder og «tinga sitt Internett» (objekt som blir knytte mot Internett) drog opp avkastninga for teknologisektoren.

Finansselskap hadde ei avkastning på 1,5 prosent. Oppgangen kjem etter at finansselskapa var den svakaste sektoren i førre kvartal.

Den svakaste avkastninga i kvartalet var for olje- og gasselskap, der fondsavkastninga var


-6,3 prosent. Ein markant nedgang i oljeprisen, som var på sitt lågaste nivå på meir enn to år, bidrog til negativ avkastning.

### ENKELTINVESTERINGANE

Investeringa i teknologiselskapet Apple bidrog mest positivt til avkastninga i tredje kvartal, følgt av investeringar i teknologiselskapet Microsoft og farmasiselskapet Novartis. Enkeltelskapa som bidrog mest negativt til avkastninga var konsumvareselskapet Tesco, kjemikalieprodusenten BASF og bilprodusenten Daimler.


Den største børsnoteringa i marknaden der fondet deltok, var i det amerikanske finansselskapet Citizens Financial Group. Her kjøpte fondet aksjar for 15,1 millionar dollar, noko som tilsvarer om lag 95,7 millionar kroner. Deretter følgde børsnoteringane av det amerikanske finansselskapet Synchrony Financial og det nederlandske forsikringsselskapet NN Group, der fondet kjøpte aksjar for høvesvis 16,1 millionar dollar og 49,0 millionar euro. Det tilsvarer 100,8 millionar kroner og 413,2 millionar kroner.

**Figur 1** Kursutviklinga i ulike aksjesektorar i FTSE Global All Cap-indeksen. Målt i amerikanske dollar. Indeksert 31.12.2013 = 100



Kjelde: FTSE

**Figur 2** Kursutviklinga i regionale aksjemarknader. Målt i amerikanske dollar, med unntak av StoxxEurope 600, som er målt i euro. Indeksert 31.12.2013 = 100



Kjelde: Bloomberg

## RENTEINVESTERINGANE

Renteinvesteringane utgjorde 37,3 prosent av fondet ved utgangen av tredje kvartal og fekk ei avkastning på 0,9 prosent. Investeringane bestod hovudsakleg av obligasjonar, i tillegg til kortsiktige rentepapir og bankinnskott.

Dei globale rentene heldt seg låge i tredje kvartal. Den amerikanske sentralbanken heldt fram å trappe ned dei kvantitative lettene sine og stadfeste at dei har planar om å avslutte desse i samband med neste rentemøte mot slutten av oktober. Samstundes gjentok dei mot slutten av kvartalet at dei vil halde rentene uendra i ein lengre tidsperiode.

Den europeiske sentralbanken lanserte ytterlegare pengepolitiske tiltak i løpet av kvartalet, som ein konsekvens av framleis låg inflasjon og svak økonomisk vekst. Styringsrenta vart senka frå 0,15 prosent til 0,05 prosent. I tillegg annonserte sentralbanken to program for kjøp av private verdipapir for å supplere lettene som vart annonserte i juni.

### POSITIV AVKASTNING FOR STATSOBLIGASJONAR

Statsobligasjonar fekk ei avkastning på 0,8 prosent og utgjorde 58,1 prosent av fondet sine renteinvesteringar ved utgangen av kvartalet.

Amerikanske dollar styrkte seg, og amerikanske statsobligasjonar fekk ei avkastning på 5,0 prosent. Desse stod for 18,5 prosent av renteinvesteringane og var den største beholdninga fondet har av statsgjeld frå ein enkeltutferdar.

Euro-denominerte statsobligasjonar, som utgjorde 11,6 prosent av renteinvesteringane, fekk ei avkastning på -1,1 prosent.

Japanske statsobligasjonar, som utgjorde 8,2 prosent av renteinvesteringane, hadde ei avkastning på -3,3 prosent. Japanske yen svekte seg mykje i andre halvdel av kvartalet.

### STERKAST UTVIKLING FOR SELSKAPSOBLIGASJONAR

Selskapsobligasjonar utvikla seg sterkest av fondet sine renteinvesteringar i tredje kvartal. Selskapsobligasjonar fekk ei avkastning på 2,9 prosent og utgjorde 17,3 prosent av fondet sine renteinvesteringar ved utgangen av kvartalet. Realrenteobligasjonar fekk ei avkastning på -1,1 prosent og utgjorde 1,9 prosent av renteinvesteringane fondet har. Dei pantesikra obligasjonane, som hovudsakleg bestod av obligasjonar med fortrinnsrett denominert i euro, fekk ei avkastning på 0,2 prosent. Pantesiskra

**Tabell 3** Avkastninga på renteinvesteringane frå fondet i tredje kvartal 2014. Fordelt etter sektor. Prosent

Sektor	Avkastning i internasjonal valuta	Andel av renteinvesteringane
Statsobligasjonar*	0,8	58,1
Statsrelaterte obligasjonar*	0,2	14,0
Realrenteobligasjonar*	-1,1	1,9
Selskapsobligasjonar	2,9	17,3
Pantesikra obligasjonar	0,2	8,7

\* Nasjonale statar utferdar fleire typar obligasjonar, og desse blir grupperte i ulike kategoriar for fondets renteinvesteringar. Obligasjonar som er utferda av eit land i landets eigen valuta, blir klassifiserte som statsobligasjonar. Obligasjonar som er utferda av eit land i eit anna lands valuta, inngår i kategorien statsrelaterte obligasjonar. Realrenteobligasjonar som er utferda av eit land, inngår i kategorien realrenteobligasjonar.

**Tabell 4** Dei største obligasjonsbeholdningane fondet har per 30. september 2014. Millionar kroner

Utferdar	Land	Beholding
Amerikanske stat	USA	394 410
Japanske stat	Japan	169 110
Tyske stat	Tyskland	78 788
Britiske stat	Storbritannia	72 313
Meksikanske stat	Mexico	42 844
Italienske stat	Italia	41 148
Brasilianske stat	Brasil	37 789
Koreanske stat	Sør Korea	37 026
Kreditanstalt für Wiederaufbau	Tyskland	34 919
Nederlandske stat	Nederland	33 253

**Tabell 5** Obligasjonsinvesteringane fondet har per 30. september 2014 fordelt etter kredittvurdering. Prosent av obligasjonsbeholdninga

	AAA	AA	A	BBB	Lågare vurdering	Totalt
Statsobligasjonar	28,2	16,7	4,1	9,0	0,1	58,1
Statsrelaterte obligasjonar	6,2	5,8	0,5	1,4	0,1	14,0
Realrenteobligasjonar	0,9	0,2	0,0	0,8	-	1,9
Selskapsobligasjonar	0,1	1,6	8,1	7,2	0,3	17,3
Pantesikra obligasjonar	6,4	0,6	0,8	0,8	0,0	8,7
<b>Sum obligasjonar</b>	<b>41,8</b>	<b>24,8</b>	<b>13,6</b>	<b>19,2</b>	<b>0,6</b>	<b>100,0</b>



obligasjonar utgjorde 8,7 prosent av fondet sine renteinvesteringar.


Fondet er også investert i obligasjonar frå statsrelaterte institusjonar som European Investment Bank, Kreditanstalt für Wiederaufbau og Canada Housing Trust. Statsrelaterte obligasjonar hadde ei avkastning på 0,2 prosent og utgjorde 14,0 prosent av renteinvesteringane.

### ENDRINGAR I BEHALDNINGA AV RENTEPAPIR

Marknadsverdien av investeringane i rentepapir i valutaer til framveksande land er noko redusert samanlikna med førre kvartal. Framveksande marknader utgjorde 12,9 prosent av investeringane i slutten av tredje kvartal, mot 13,4 prosent ved inngangen til kvartalet. Investeringar i dollar, euro, pund og yen utgjorde 78,6 prosent av renteinvesteringane, mot 77,8 prosent ved utgangen av andre kvartal.

Fondet auka i tredje kvartal investeringane mest i statsobligasjonar utferda av Japan, India og Austerrike. Den største reduksjonen fondet gjorde i statsobligasjonar, var i beholdninga av obligasjonar utferda av USA, Frankrike og Tyskland.


**Figur 4** Utviklinga i rentene på tiårige statsobligasjonar. Prosent



Kjelde: Bloomberg


Dei tre største deltakingane fondet gjorde i enkeltutferdingar av nye obligasjonar utanom statspapir, var i obligasjonar utferda av CDP Financial Inc, Export-Import Bank China og UBS AG Stamford.

**Figur 3** Kursutviklinga for obligasjonar som er utferda i ulike valutaer, og som inngår i Barclays Global Aggregate-indeksen. Målt i lokal valuta. Indeksert 31.12.2013 = 100



Kjelde: Barclays

**Figur 5** Kursutviklinga for ulike obligasjonar i Barclays Global Aggregate-indeksen. Målt i amerikanske dollar. Indeksert 31.12.2013= 100



Kjelde: Barclays

## EIGEDOMS- INVESTERINGANE

Eigedomsinvesteringane til fondet fekk i tredje kvartal ei avkastning på 1,5 prosent. Avkastninga på eigedomsinvesteringane til fondet blir påverka av leigeinntekter, verdiendringar i eigedom og gjeld, endringar i valutakursar og transaksjonskostnader for kjøp av eigedom. Investeringane i fast eigedom utgjorde 1,3 prosent av fondet ved utgangen av tredje kvartal.

Over tid skal delen som er investert i eigedom, aukast til inntil 5 prosent av fondets verdi. Vårt mål er å bygge ein global, men konsentrert, eigedomsportefølje. Vi siktar mot å auke eigedomsinvesteringane med éin prosent av fondet kvart år dei neste tre åra.

Løpande leigeinntekter bidrog til resultatet med 1,0 prosent målt i lokal valuta. Verdiendring på eigedom og gjeld bidrog positivt til resultatet med 2,0 prosent målt i lokal valuta. Transaksjonskostnader for kjøp av eigedom bidrog negativt til resultatet med -0,5 prosent. Valutasvingingar hadde ein negativ påverknad på avkastninga med -1,0 prosent i tredje kvartal.

### NYE EIGEDOMSINVESTERINGAR I KVARTALET

Det vart i tredje kvartal gjennomført nye eigedomskjøp i både USA og Europa. I juli gjorde fondet ei ny investering i eit kontorbygg i One Beacon Street i Boston og betalte 122,3 millionar dollar for sin del på 47,5 prosent. Fondet kjøpte også 100 prosent av bygget «Le Madeleine», på Boulevard de la Madeleine i Paris, for 425,6 millionar euro.

I august kjøpte fondet ein del på 57,8 prosent i Pollen Estate, ein portefølje av eigedomar i Londons West End-område, for 343 millionar

pund. Fondet kjøpte også 50 prosent av ein portefølje med logistikkeigedomar i Spania, i Madrid og Barcelona for 50 millionar euro, gjennom partnerskapet med Prologis.

Fondet kjøpte i september ein del på 49,9 prosent i the Orrick Building, eit kontorbygg i San Francisco, for 139,7 millionar dollar. Fondet inngjekk også ein avtale med Boston Properties om kjøp av ein del på 45 prosent i 601 Lexington Avenue i New York, 100 Federal Street i Boston og Atlantic Wharf Office Building i Boston for til saman 1,5 milliardar dollar. Gjennom partnerskapet med Prologis kjøpte fondet 50 prosent av ein logistikkeigedom i Enfield i Storbritannia for 55 millionar pund. I slutten av september kjøpte fondet ein aksjedel på 94,9 prosent i selskapa som eig to kontorbygg i "Lenbach Gärten"-kvartalet i München. Totalverdien av eigedomane i selskapa er 176,1 millionar euro, inkludert 75 millionar euro tredjepartsgjeld.

## RELATIV AVKASTNING OG INTERNE REFERANSE- PORTEFØLJAR FOR FONDET

Avkastninga på aksje- og renteinvesteringane til fondet har, blir samanlikna med avkastninga til globale referanseindeksar for aksjar og obligasjonar. Referanseindeksane for fondet blir fastsette av Finansdepartementet med utgangspunkt i indeksar frå FTSE Group og Barclays. Vi har utforma interne referanseporteføljor for aksjar og obligasjonar. Desse referanseporteføljane tek omsyn til særtrekk og føremål med fondet og skal over tid gje eit betre byteforhold mellom forventa risiko og avkastning.

### RELATIV AVKASTNING FOR FONDET

I tredje kvartal var den samla avkastninga på aksje- og renteinvesteringane til fondet 0,5 prosentpoeng lågare enn avkastninga på referanseindeksane.

Avkastninga på aksjeinvesteringane for fondet var i kvartalet 0,8 prosentpoeng lågare enn avkastninga til referanseindeksen for aksjar. Blant dei ulike sektorane fondet blir investert i, bidrog investeringane i sektorane konsumtenester og

**Tabell 6** Avkastninga på eigedomsinvesteringane frå fondet i tredje kvartal 2014. Prosent

	Avkastning
Netto resultat frå jamlege leigeinntekter	1,0
Netto verdiendringar på eigedom og gjeld	2,0
Transaksjonskostnader for kjøp av eigedom	-0,5
Resultat av valutajusteringar	-1,0
<b>Total avkastning</b>	<b>1,5</b>

konsumvarer mest negativt til den relative avkastninga, der enkelte av dei største posisjonane til fondet fekk ei veldig svak utvikling i kvartalet. Blant dei ulike landa fondet var investert i, bidrog aksjar i USA og Storbritannia mest negativt til den relative avkastninga. Investeringane i Kina og Australia bidrog mest positivt til den relative avkastninga. Fondet hadde gjennom tredje kvartal ein høgare del europeiske aksjar og ein lågare del amerikanske aksjar enn i fondets referanseindeks. Europeiske aksjar fekk i tredje kvartal ei lågare avkastning i forhold til amerikanske, noko som gjorde at fondet fekk eit negativt bidrag til relativ avkastning frå denne posisjoneringa. Dette vart ytterlegare forsterka ved at amerikanske dollar styrkte seg mot euro og pund gjennom kvartalet. Fondet hadde gjennom tredje kvartal ei generell overvekt i selskap med låg marknadskapitalisering og ei undervekt i selskap med høg marknadskapitalisering, noko som også bidrog negativt til den relative avkastninga.

Avkastninga på fondet sine renteinvesteringar var i kvartalet 0,1 prosentpoeng lågare enn avkastninga til referanseindeksen for renter. Innanfor dei utvikla marknadene fall det generelle rentenivået i tredje kvartal. Ein lågare durasjon på renteinvesteringane frå fondet samanlikna med referanseindeksen, bidrog negativt. Dette førte til at fondet generelt var mindre følsamt for fallande renter enn referanseindeksen. Fondets renteinvesteringar hadde i tredje kvartal ei høgare vekt i framveksande marknader enn referanseindeksen for fondet. Brasilianske og russiske statsobligasjonar er blant dei største investeringane fondet har innanfor framveksande marknader. Avkastninga for investeringane i desse landa var svak som følgje av stigande renter og svekte valutakursar. Renteinvesteringane fekk i tredje kvartal høgare jamlege renteinntekter enn referanseindeksen.

#### DEI INTERNE REFERANSEPORTEFØLJANE TIL FONDET


Den interne referanseporteføljen for aksjar fekk ei avkastning på 0,1 prosent i tredje kvartal. Resultatet var 0,1 prosentpoeng lågare enn avkastninga til referanseindeksen fastsett av Finansdepartementet. Referanseporteføljen for renter fekk ei avkastning på 1,0 prosent i tredje kvartal. Resultatet var 0,1 prosentpoeng lågare enn referanseindeksen fastsett av Finansdepartementet.

**Tabell 7** Bidraget frå den relative avkastninga på aksje- og renteforvaltinga i tredje kvartal 2014. Prosentpoeng

	Totalt	Herav ekstern forvalting
Aksjeforvalting	-0,48	0,01
Renteforvalting	-0,05	0,01
<b>Totalt*</b>	<b>-0,52</b>	<b>0,01</b>


\* Partane summerer seg ikkje grunna avrundingar.

**Figur 6** Fondets kvartalsvise avkastning og akkumulerte annualiserte avkastning. Prosent



Kjelde: Noregs Bank Investment Management

**Figur 7** Kvartalsvis relativ avkastning og akkumulert annualisert relativ avkastning på fondet, eksklusive eigeidom. Prosentpoeng



Kjelde: Noregs Bank Investment Management

## ANSVARLEGE INVESTERINGAR OG EIGARSKAPSUTØVINGA

Vi arbeider for å sikre dei langsiktige, finansielle verdiane fondet har. Høg avkastning på lang sikt er rekna å vere avhengig av ei berekraftig utvikling i økonomi, miljø og samfunnsforhold, samt velfungerande, legitime og effektive marknader. Verkemidla i den aktive eigarskapsutøvinga vår er dialog med selskap, investorar, regulerande styresmakter og standardsetjarar. Vidare stemmer vi på generalforsamlingar, og vi kan fremje aksjonærforslag.

I kvartalet heldt vi fram arbeidet med standardsetjarar og samarbeidet med andre investorar. Blant anna gav vi våre innspel til European Securities and Markets Authority (ESMA) si høyring om implementering av investeringsteneste-direktivet (MiFID). Høgfartshandel var eitt av dei tema som vart behandla. I brevet framheva vi behovet for eit robust rammeverk, som samstundes er fleksibelt nok til å kunne handtere ulike framtidige scenario. Vi gav også innspel til ESMA si høyring om nye krav til sentralt oppgjør for enkelte rentederivat, der vi stør utviklinga som ESMA skisserer. Brev er publiserte på [www.nbim.no](http://www.nbim.no).

### STEMMEGJEVING OG SELSKAPSDIALOG

I kvartalet fornya vi deltakinga i valkomiteen i Volvo og Svenska Cellulosa AB (SCA). Leiar i Noregs Bank Investment Management, Yngve Slyngstad, representerer fondet i valkomiteane. Deltakinga samsvarer med den langsiktige intensjonen vår om ein tettare kontakt med styra for å kunne sikre fondsverdiane. Der det er mogleg, vil vi gjere dette gjennom deltaking i nominasjonskomitear. I andre tilfelle vil vi ha direkte dialog med styreleiarane i selskapa. I tredje kvartal gjennomførte vi møte med utvalde styreleiarar i farmasisektoren.

Noregs Bank Investment Management stemte ved 1 217 generalforsamlingar i kvartalet. I løpet av kvartalet vurderte og stemte vi blant anna på fem aksjonærforslag om miljørelaterte og sosiale spørsmål, med utgangspunkt i våre prinsipp for langsiktig eigarskapsutøving.

Stemmegeving er den viktigaste formelle retten vår som aksjonær til å påverke avgjerder i selskapa der vi har eigardelar. Stemmegeving er ein prioritert aktivitet for Noregs Bank Investment

Management fordi det er eit effektivt middel for å signalisere støtte til velfungerande styre og for å ansvarleggjere styra. Stemmegeving medverkar til å sikre fondsverdiane og våre interesser som minoritetsaksjonær.

Våre eigarskapsprinsipp og forventningar til selskapa dannar grunnlag for stemmeavgjerdene våre. Dette gjev eit utgangspunkt for korleis vi skal stemme, samstundes som vi tek omsyn til særtekk ved enkeltelskap i stemmegevinga vår.

## RISIKOSTYRING

Samansetninga av investeringane og svingingar i aksjekursar, valutakursar, rentenivå og kreditt-risikopåslag avgjer marknadsrisikoen for fondet. Det finst ingen enkeltmål eller analyse som fullt ut kan skildre marknadsrisikoen for fondet. Derfor bruker vi ulike måltal og risikoanalysar, som forventa volatilitet, faktoreksponering, konsentrasjonsanalyse og likviditetsrisiko, for å få eit breiast mogleg bilete av marknadsrisikoen for fondet.

Forventa absolutt volatilitet for fondet, berekna ved det statistiske målet standardavvik, bruker tre års prishistorikk for å anslå kor mykje den årlege avkastninga på aksje- og renteinvesteringane til fondet normalt kan forventast å svinge. Ved utgangen av tredje kvartal var fondets forventa absolutte volatilitet på 8,1 prosent, eller om lag 450 milliardar kroner, mot 8,9 prosent ved inngangen til kvartalet.

Finansdepartementet og hovudstyret i Noregs Bank har fastsett grenser for kor store avvik frå referanseindeksane fondet kan ha i forvaltninga av aksje- og renteinvesteringane. Ei av grensene er forventa relativ volatilitet, som legg ei avgrensing på kor mykje avkastninga på investeringane kan forventast å avvike frå avkastninga på referanseindeksane for fondet. Forvaltninga skal leggast opp med sikte på at den forventa relative volatiliteten ikkje skal overstige 1 prosentpoeng. Ved utgangen av kvartalet var den på 0,5 prosentpoeng, som var ein nedgang frå 0,6 prosentpoeng ved utgangen av andre kvartal.

### OPERASJONELL RISIKOSTYRING

Hovudstyret i Noregs Bank fastset rammene for operasjonell risikostyring og internkontroll i Noregs Bank Investment Management. Hovudstyret har bestemt at det i løpet av ein


tolv måneders periode skal vere mindre enn 20 prosent sannsyn for at operasjonelle risikofaktorar vil føre til 750 millionar kroner eller meir i brutto tap. Denne grensa blir omtalt som styrets risikotoleranse.

Vi anslår kvart kvartal kor store tap eller vinstar vi vil kunne få på eitt års sikt som følgje av uønskte operasjonelle hendingar i og rundt forvaltninga. Anslaget baserer seg på hendingar som har skjedd og vurdering av framtidig risiko. Anslaget representerer den berekna operasjonelle risikoeksponeringa fondet har. I tredje kvartal var den estimerte operasjonelle risikoeksponeringa innanfor styrets risikotoleranse.

I tredje kvartal vart det registrert 43 uønskte operasjonelle hendingar. Samla sett gav hendingane ein finansiell effekt på 8,0 millionar kroner.


Finansdepartementet har sett reglar for fondsforvaltninga. Det vart ikkje avdekt nokon vesentlege brot på desse reglane i kvartalet. Vi mottok i same periode heller ikkje noko varsel om vesentlege brot på marknadsreguleringar eller anna generell lovgjeving frå lokale tilsynsorgan.

**Figur 8** Forventa absolutt volatilitet for fondet. Prosent (venstre akse) og milliardar kroner (høgre akse)



Kjelde: Noregs Bank Investment Management

**Figur 9** Forventa relativ volatilitet for fondet, eksklusive eigeedom. Basispunkt



Kjelde: Noregs Bank Investment Management

**Tabell 8** Risiko og eksponering for fondet. Prosent

	Grenser fastsette av Finansdepartementet	30.09.2014
Eksponering	Aksjar 50–70 % av fondet*	60,9
	Eigeedom 0–5 % av fondet	1,3
Marknadsrisiko	1 prosentpoeng forventa relativ volatilitet for aksje- og renteinvesteringane til fondet	0,5
Kredittrisiko	Inntil 5 % av renteinvesteringane kan ha lågare kredittvurdering enn kategori BBB-	0,6
Høgaste eigardel	Maksimalt 10 % av aksjar det er stemmerett for i eit børsnotert selskap	9,6

\* Eksponering mot aksjar er berekna der derivat er avbilda med den underliggjande økonomiske eksponeringa mot aksjar.

# NØKKELTAL

**Tabell 9** Kvartalsvise avkastningstal per 30. september 2014

	3. kv. 2014	2. kv. 2014	1. kv. 2014	4. kv. 2013	3. kv. 2013	Til nå i år 30.09.2014
<b>Avkastning målt i valutakorga frå fondet</b>						
Avkastninga på aksjeinvesteringane (prosent)	-0,49	4,01	1,47	7,41	7,64	5,02
Avkastninga på renteinvesteringane (prosent)	0,95	2,04	2,05	0,13	0,32	5,12
Avkastninga på eigedominvesteringane (prosent)	1,48	3,04	1,99	3,67	4,09	6,65
Fondsavkastninga (prosent)	0,07	3,25	1,70	4,66	4,99	5,08
Avkastninga på aksje- og renteinvesteringane (prosent)	0,06	3,26	1,70	4,67	5,00	5,06
Avkastninga på referanseindeksane frå aksjar og obligasjonar (prosent)	0,58	3,38	1,68	4,55	4,87	5,73
Den relative avkastninga på aksje- og renteinvesteringane (prosentpoeng)	-0,52	-0,13	0,01	0,12	0,13	-0,66
Den relative avkastninga på aksjeinvesteringane (prosentpoeng)	-0,76	-0,17	0,07	0,15	0,27	-0,90
Den relative avkastninga på renteinvesteringane (prosentpoeng)	-0,14	-0,07	-0,07	-0,02	-0,25	-0,29
Forvaltingsgodtgjersle (prosentpoeng)	0,01	0,01	0,02	0,02	0,02	0,05
Fondsavkastninga etter forvaltingskostnader (prosent)	0,06	3,24	1,68	4,65	4,97	5,03
<b>Avkastning målt i norske kroner (prosent)</b>						
Avkastninga på aksjeinvesteringane	-0,20	7,09	0,39	8,30	8,54	7,29
Avkastninga på renteinvesteringane	1,24	5,06	0,96	0,96	1,15	7,38
Avkastninga på eigedomsinvesteringane	1,78	6,09	0,90	4,53	4,96	8,95
Fondsavkastninga	0,36	6,31	0,61	5,53	5,86	7,35
Avkastninga på aksje- og renteinvesteringane	0,35	6,31	0,61	5,54	5,87	7,33

**Tabell 10** Historiske nøkkeltal per 30. september 2014. Annualiserte tal målt i valutakorga for fondet

	Siste 12 månader	Siste 3 år	Siste 5 år	Siste 10 år	Sidan 01.01.1998
<b>Fondsavkastninga (prosent)</b>					
Avkastninga på aksje- og renteinvesteringane (prosent)	9,99	12,99	8,78	6,39	5,75
Avkastninga på referanseindeksane for aksjar og obligasjonar	9,98	13,01	8,79	6,39	5,75
Den relative avkastninga på aksje- og renteinvesteringane (prosentpoeng)	-0,57	0,18	0,38	0,15	0,26
Standardavvik (prosent)	4,76	6,18	7,31	8,59	7,56
Faktisk relativ volatilitet på fondets aksje- og renteinvesteringar (prosentpoeng)	0,42	0,41	0,41	0,91	0,74
Informasjonsrate (IR)* på aksje- og renteinvesteringane	-1,35	0,43	0,92	0,16	0,35
<b>Fondsavkastninga (prosent)</b>					
Årleg prisvekst (prosent)	1,40	1,65	2,04	2,10	1,89
Årlege forvaltingskostnader (prosent)	0,06	0,07	0,08	0,09	0,09
Årleg netto realavkastning (prosent)	8,40	11,09	6,52	4,11	3,70

\* IR er eit mål på risikjustert avkastning. IR blir berekna som forholdstalet mellom den relative avkastninga på fondet og den faktiske relative volatiliteten i fondet. IR viser den relative avkastninga per risikoeining.

**Tabell 11** Nøkkeltal per 30. september 2014

	3. kv. 2014	2. kv. 2014	1. kv. 2014	4. kv. 2013	3. kv. 2013
<b>Marknadsverdi (mrd. kroner)*</b>					
Marknadsverdien av aksjeinvesteringane	3 396	3 357	3 124	3 107	2 998
Marknadsverdien av renteinvesteringane	2 064	2 058	1 927	1 879	1 674
Marknadsverdien av eigedomsinvesteringane	74	63	59	52	42
Marknadsverdien av fondet	5 534	5 478	5 110	5 038	4 714
<b>Tilførsel*</b>					
Tilførsel*	36	44	41	62	58
Fondsavkastninga	15	192	78	227	228
Endring som følge av svingingar i kronekursen	5	132	-47	35	31
Endring i marknadsverdien	56	368	72	323	318
<b>Kostnader i forvaltninga (prosent)</b>					
Berekna innfasingskostnader**	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Annualiserte forvaltingskostnadar	0,05	0,05	0,07	0,07	0,06
<b>Verdiutvikling f.o.m. første tilførsel i 1996 (mrd. kroner)</b>					
Samla brutto tilførsel	3 426	3 389	3 344	3 302	3 239
Samla forvaltingsgodtgjersle***	26	25	25	24	23
Samla tilførsel etter forvaltingsgodtgjersle	3 400	3 364	3 319	3 278	3 216
Samla avkastning	2 084	2 069	1 877	1 799	1 572
Endring som følge av svingingar i kronekursen	50	45	-86	-39	-74
Marknadsverdien av fondet	5 534	5 478	5 110	5 038	4 714
<b>Samla avkastning etter forvaltingskostnader</b>					
Samla avkastning etter forvaltingskostnader	2 058	2 044	1 852	1 775	1 549

\* Marknadsverdien av fondet er presentert i tabellen før påkomen forvaltingsgodtgjersle. Marknadsverdien vil derfor vike noko frå Balanse og Oppstilling av endringer i eigars kapital i rekneskapsrapporteringa. Tilførslane i denne tabellen vik noko frå rekneskapsen på grunn av ulik behandling av oppgjær av forvaltingsgodtgjersle (jf. Kontantstrømoppstilling).

\*\* Berekna kostnader ved tilførsel av nye midlar til fondet. Kostnader ved strategiske endringar i fondet er ikkje inkluderte. Kostnader som følge av vanleg indeksvedlikehald, t.d. som følge av at selskap, utferdrar og obligasjonar går inn og ut av referanseindeksen og tilbake-vekting av indeksane, er heller ikkje tekne med.

\*\*\* Forvaltingskostnader i dotterselskap, jf. Tabell 4.2 i rekneskapsrapporteringa, er ikkje ein del av forvaltingsgodtgjersla. Desse er alt trekte frå i samla avkastning, dvs. i avkastning før forvaltingsgodtgjersle.

**Tabell 12** Akkumulert avkastning sidan første tilførsel i 1996. Milliardar kroner

	3. kv. 2014	2. kv. 2014	1. kv. 2014	4. kv. 2013	3. kv. 2013
Avkastning på aksjeinvesteringane	1 409	1 421	1 283	1 242	1 021
Avkastning på renteinvesteringane	665	639	587	551	547
Avkastning på eigedomsinvesteringane	9	8	6	5	3
Fondsavkastninga	2 084	2 069	1 877	1 799	1 572

# REGNSKAPSRAPPORTERING

Norges Banks kvartalsregnskap, som kun omfatter regnskapsrapporteringen for Statens pensjonsfond utland, ble godkjent av hovedstyret 22. oktober 2014. Regnskapsrapporteringen for Statens pensjonsfond utland og utdrag av regnskapsprinsippene samt vesentlige estimater og skjønnsmessige vurderinger til Norges Bank, er gjengitt under.

<b>RESULTATREGNSKAP</b>	15
<b>BALANSE</b>	16
<b>KONTANTSTRØMOPPSTILLING</b>	17
<b>OPPSTILLING AV ENDRINGER I EIERS KAPITAL</b>	18
<b>NOTER TIL REGNSKAPSRAPPORTERING</b>	
<b>NOTE 1</b> Regnskapsprinsipper	19
<b>NOTE 2</b> Vesentlige estimater og skjønnsmessige vurderinger	20
<b>NOTE 3</b> Avkastning per aktivaklasse	21
<b>NOTE 4</b> Forvaltningskostnader	21
<b>NOTE 5</b> Aksjer og andeler / Obligasjoner og andre rentebærende verdipapirer / Finansielle derivater	23
<b>NOTE 6</b> Eiendom	24
<b>NOTE 7</b> Måling til virkelig verdi	25
<b>NOTE 8</b> Risiko	27
<b>NOTE 9</b> Virkning av endring i regnskapsprinsipper	30
<b>REVISORS UTTALELSE</b>	32



## RESULTATREGNSKAP

Beløp i millioner kroner	Note	3. kvartal 2014	3. kvartal 2013 Omarbeidet*	Hittil i år 30.09.2014	Hittil i år 30.09.2013 Omarbeidet*	2013 Omarbeidet*
<b>Resultat fra porteføljen ekskl. gevinst/tap valuta</b>						
Renteinntekter og rentekostnader fra innskudd i banker		1	12	13	30	61
Renteinntekter fra utlån knyttet til gjensalgssavtaler		14	31	111	130	150
<b>Netto inntekt/kostnad – gevinst/tap fra:</b>						
- Aksjer og andeler		-4 909	214 701	181 020	459 058	681 787
- Obligasjoner og andre rentebærende verdipapirer		20 801	12 765	104 334	2 281	5 897
- Eiendom	6	1 913	855	5 012	2 130	3 236
- Finansielle derivater		-1 750	324	-3 597	2 018	1 590
Rentekostnad på innlån knyttet til gjenkjøpsavtaler		-26	-33	-59	-23	-34
Andre renteinntekter og rentekostnader		-2	-2	-5	23	2
Skattekostnad		-1 098	-480	-1 971	-951	-1 133
Andre kostnader		-1	-12	-2	-21	-26
<b>Porteføljeresultat før gevinst/tap valuta</b>		<b>14 943</b>	<b>228 161</b>	<b>284 856</b>	<b>464 675</b>	<b>691 530</b>
Gevinst/tap valuta		4 977	30 975	89 675	256 708	291 428
<b>Porteføljeresultat</b>		<b>19 920</b>	<b>259 136</b>	<b>374 531</b>	<b>721 383</b>	<b>982 958</b>
Forvaltningsgodtgjøring	4	-741	-589	-2 110	-1 955	-2 889
<b>Periodens resultat og totalresultat</b>		<b>19 179</b>	<b>258 547</b>	<b>372 421</b>	<b>719 428</b>	<b>980 069</b>

\* Se notene 1, 2 og 9 for detaljer angående omarbeidede sammenligningstall.

## BALANSE

Beløp i millioner kroner	Note	30.09.2014	31.12.2013 Omarbeidet*
<b>EIENDELER</b>			
Innskudd i banker		7 986	3 982
Utlån knyttet til gjensalgsvtaler		78 319	89 189
Uoppgjorte handler		28 490	1 125
Aksjer og andeler	5	3 160 272	2 972 317
Utlånte aksjer	5	213 903	161 150
Obligasjoner og andre rentebærende verdipapirer	5	2 048 430	1 804 456
Utlånte obligasjoner	5	13 213	75 807
Eiendom	6	73 905	51 032
Finansielle derivater	5	3 410	1 416
Andre eiendeler		3 114	3 522
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>7, 8, 9</b>	<b>5 631 042</b>	<b>5 163 996</b>
<b>GJELD OG EIERS KAPITAL</b>			
<b>Gjeld</b>			
Kortsiktig innlån		30	29
Innlån knyttet til gjenkjøpsavtaler		10 799	69 147
Mottatt kontantsikkerhet		39 068	48 064
Uoppgjorte handler		40 781	7 654
Finansielle derivater	5	4 308	972
Annen gjeld		1 780	395
Skyldig forvaltningsgodtgjøring	4	2 110	2 889
<b>Sum gjeld</b>		<b>98 876</b>	<b>129 150</b>
Eiers kapital		5 532 166	5 034 846
<b>SUM GJELD OG EIERS KAPITAL</b>	<b>7, 8, 9</b>	<b>5 631 042</b>	<b>5 163 996</b>

\* Se notene 1, 2 og 9 for detaljer angående omarbeidede sammenligningstall.

## KONTANTSTRØMOPPSTILLING

Beløp i millioner kroner, innbetaling (+) / utbetaling (-)	Hittil i år 30.09.2014	Hittil i år 30.09.2013 Omarbeidet*	2013 Omarbeidet**
<b>Operasjonelle aktiviteter</b>			
Netto innbetaling/utbetaling av renter på innskudd i banker og låneopptak hos banker	-871	29	1 396
Netto innbetaling/utbetaling ved gjensalgsvtaler og gjenkjøpsavtaler	-47 161	-32 881	27 128
Netto innbetaling/utbetaling ved kjøp og salg av aksjer og andeler	-82 403	-135 925	-24 851
Netto innbetaling/utbetaling ved kjøp og salg av obligasjoner og andre rentebærende verdipapirer	-79 628	-120 059	-361 384
Netto innbetaling/utbetaling ved kjøp og salg av eiendom	-19 125	-14 977	-22 757
Netto innbetaling/utbetaling fra finansielle derivater	-1 370	1 097	-285
Utbytte fra investeringer i aksjer og andeler	69 565	58 872	72 637
Innbetaling av renter på investeringer i obligasjoner og andre rentebærende verdipapirer	47 665	37 692	49 511
Inntekt mottatt fra utlån av aksjer og obligasjoner	2 090	2 218	2 620
Netto innbetaling/utbetaling fra eiendomsdrift	1 573	3 792	4 453
Kontantsikkerhet mottatt eller betalt ved verdipapirutlån, derivater og gjenkjøpsavtaler	-9 378	18 805	15 063
Netto innbetaling/utbetaling knyttet til andre kostnader, andre eiendeler og annen gjeld	1 570	1 061	-1 324
Netto innbetaling/utbetaling av skatt	-2 206	-2 593	-2 800
Utbetaling forvaltningshonorar til Norges Bank**	-2 889	-2 193	-2 193
<b>Netto utbetaling fra operasjonelle aktiviteter</b>	<b>-122 568</b>	<b>-185 062</b>	<b>-242 786</b>
<b>Finansieringsaktiviteter</b>			
Tilførsel fra den norske stat***	125 821	179 370	240 934
<b>Netto innbetaling fra finansieringsaktiviteter</b>	<b>125 821</b>	<b>179 370</b>	<b>240 934</b>
<b>Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter</b>			
Kontanter og kontantekvivalenter per 1. januar	3 953	5 845	5 845
Netto innbetaling/utbetaling av kontanter i perioden	3 253	-5 691	-1 852
Netto gevinst/tap valuta på kontanter og kontantekvivalenter	750	-113	-40
<b>Kontanter og kontantekvivalenter per periodens slutt</b>	<b>7 956</b>	<b>41</b>	<b>3 953</b>
<b>Kontanter og kontantekvivalenter består av:</b>			
Innskudd i banker	7 986	1 302	3 982
Kortsiktig innlån	-30	-1 261	-29
<b>Totalt kontanter og kontantekvivalenter per periodens slutt</b>	<b>7 956</b>	<b>41</b>	<b>3 953</b>

\* Se notene 1, 2 og 9 for detaljer angående omarbeidede sammenligningstall.

\*\* Forvaltningsgodtgjøring som fremkommer i kontantstrømoppstillingen for en periode er oppgjør av godtgjøring påløpt og resultatført i forrige år.

\*\*\* Tilførsel inkluderer her kun de overføringer som er gjort opp i perioden (kontantprinsippet). Tilførsel i Oppstilling av endringer i eiers kapital er basert på oppjent tilførsel.

## OPPSTILLING AV ENDRINGER I EIERS KAPITAL

Beløp i millioner kroner	Tilført fra eier	Opptjente resultater	Valutaomregnings-effekter utenlandske datterselskaper	Sum eiers kapital*
1. januar 2013	3 057 740	755 844	-8	3 813 576
Virkning av endring i regnskapsprinsipper	-	-8	8	-
1. januar 2013 omarbeidet**	3 057 740	755 836	-	3 813 576
Totalresultat omarbeidet**	-	719 428	-	719 428
Tilførsel i perioden*	179 300	-	-	179 300
<b>30. september 2013</b>	<b>3 237 040</b>	<b>1 475 264</b>	<b>-</b>	<b>4 712 304</b>
1. januar 2013 omarbeidet**	3 057 740	755 836	-	3 813 576
Totalresultat omarbeidet**	-	980 069	-	980 069
Tilførsel i perioden*	241 201	-	-	241 201
<b>31. desember 2013</b>	<b>3 298 941</b>	<b>1 735 905</b>	<b>-</b>	<b>5 034 846</b>
1. januar 2014	3 298 941	1 735 905	-	5 034 846
Totalresultat	-	372 421	-	372 421
Tilførsel i perioden*	124 899	-	-	124 899
<b>30. september 2014</b>	<b>3 423 840</b>	<b>2 108 326</b>	<b>-</b>	<b>5 532 166</b>

\* Sum eiers kapital tilsvarer Finansdepartementets innskudd på kronekonto i Norges Bank. Av totale tilførsler til kronekontoen til Statens pensjonsfond utland i de tre første kvartalene av 2014 ble 2,9 milliarder kroner benyttet til å betale skyldig forvaltningsgodtgjøring for 2013, mens 122 milliarder kroner gikk til investeringsporteføljens plasseringer. Tilsvarende beløp for tredje kvartal 2013 var henholdsvis 2,2 milliarder kroner og 177,1 milliarder kroner.

\*\* Se notene 1, 2 og 9 for detaljer angående omarbeidede sammenligningstall.

Norges Banks hovedstyre  
Oslo, 22. oktober 2014



Øystein Olsen  
Leder



Jon Nicolaisen  
Nestleder



Kjetil Storesletten



Hilde Myrberg



Karen Helene Ulltveit-Moe



Espen R. Moen



Egil Matsen

# NOTER TIL REGNSKAPSRAPPORTERING

## NOTE 1 REGNSKAPSPRINSIPPER

### 1 GENERELL INFORMASJON

Norges Bank er sentralbanken i Norge. Banken forvalter landets valutareserver og Statens pensjonsfond utland. Statens pensjonsfond utland forvaltes av Norges Bank på vegne av Finansdepartementet i henhold til lov om Statens pensjonsfond § 2 annet ledd og mandat gitt for forvaltningen. Regnskapet er i norske kroner og avrundet til nærmeste million.

### 2 GRUNNLAG FOR UTARBEIDELSE AV KVARTALSREGNSKAPET

Forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank, som er fastsatt av Finansdepartementet, angir at Norges Banks regnskap skal omfatte regnskapsrapportering for Statens pensjonsfond utland og at denne skal utarbeides i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) som fastsatt av EU.

Norges Bank utarbeider kvartalsregnskap for Statens pensjonsfond utland med regnskapsavslutning 31. mars, 30. juni og 30. september. Kvartalsregnskapet til Norges Bank utarbeides i henhold til IAS 34 *Delårsrapportering*.

Kvartalsregnskapet er basert på de samme regnskapsprinsipper og beregningsmetoder som benyttet for årsregnskapet 2013 med unntak av endringene spesifisert i punkt 3. Norges Banks regnskapsprinsipper fremgår av Norges Banks årsregnskap 2013, og utdrag som gjelder investeringsporteføljen er gjengitt i årsrapport 2013 for Statens pensjonsfond utland. Kvartalsregnskapet må også leses i sammenheng med Norges Banks årsregnskap 2013.

### 3 NYE/ENDREDE STANDARDER INNFØRT FRA 1. JANUAR 2014

#### IFRS 10 Konsernregnskap

Norges Bank har implementert IFRS 10 per 1. januar 2014. IFRS 10 erstatter IAS 27 *Konsernregnskap og separat finansregnskap* og SIC-12 *Konsolidering – foretak for særskilte formål*. Endringene i IFRS 10 definerer en investeringsenhet og innfører et pliktig unntak fra konsolidering for investeringsenheter.

En investeringsenhet er etter IFRS 10 en enhet som:

- Mottar midler fra en eller flere investorer for å levere profesjonelle investeringstjenester til investoren(e)
- Forplikter seg ovenfor investoren(e) til å investere midlene utelukkende for verdistigning, kapitalinntekter eller begge, og
- Måler og evaluerer avkastning på alle vesentlige investeringer basert på virkelig verdi.

Det er vurdert at Statens pensjonsfond utland tilfredstiller definisjonen av en investeringsenhet.

Det medfører at investeringer i datterselskaper ikke lenger skal konsolideres, men måles til virkelig verdi over resultatet. Dette er kun en endring i presentasjon og har ingen resultateffekt. Et unntak fra dette er datterselskaper som yter investeringsrelaterte tjenester for Statens pensjonsfond utland og som ikke i seg selv er investeringsenheter. Disse skal fortsatt konsolideres, men per 30. september 2014 er det ingen slike datterselskaper. Datterselskaper som måles til virkelig verdi over resultatet presenteres i balansen som *Eiendom*.

Endringen i regnskapsprinsipp har blitt implementert med tilbakevirkende kraft i henhold til overgangsreglene i IFRS 10.

